

NSK avd Sogn og Fjordane

**yanskjer deg velkommen til årsmøte i Luster
laurdag feb. kl. 12.00 på Rådhuset i Gaupne**



Når du kjem frå Sogndal. Køy inn til sentrum. Parker ved Prix.
Rådhuset er nabobygget til Prix og me skal vera oppi andre etasje.

Sakliste:

- 1 Godkjenning av innkalling, val av ordstyrar, referent, godkjenning av årsmelding og regnskap.
- 2 Utdeling av premiar til mestvinnande spaniels i fylket 2014. Sjå årsmeldinga for namn.
- 3 Val. Me har berre fått inn valnemnda sitt forslag på kandidatar.
- 4 Årsmøtesaker og budsjett. Det har ikkje komme saker frå medlemmene. Sjå vedlegg.
- 5 Orientering om søkte prøvar 2015 og planlagt aktivitet i 2015.
- 6 Open post der du kan fritt komma med saker du vil diskutera.
- 7 Premieutdeling fotokonkurranse som har tema Spaniel i Sogn og Fjordane.
Alle medlemmer kan sende inn eit bilde innan 1. februar til kennel@desperado.no for å vera med i konkurransen. Me håpar på MANGE bidrag!

Årsmeldinga finn på du avdelinga si heimeside på www.spaniels.org

Det har vore svært stor aktivitet i avdelinga i 2015!

Det vert som vanleg eit fagleg innslag, rettare sagt to innslag i år.

Det første er utvikling av spanielrasane, litt historikk og anatomi. Det andre er fotografering av hund.

Det vert enkel servering.

For å kunne planlegge litt matmengde er det fint om du melder deg på til Inger via mobil 918 35 324 **innan 5. februar**.

Send sms med namn og kor mange som kjem.



Utlodding: Ta med ein LITEN ting som kan loddast ut. Verdi maks kr. 50.- Avdelinga stiller opp med ein premie til utloddning som er gratis start og sikra plass på jaktanleggsprøve eller blodsporprøve i 2012. Eventuelt kr. 350 i rabatt på deltaking på kurs eller pelsstell. Denne vert loddet ut mellom alle på årsmøtet.



Årsmøtesaker fremja av styret:

1: Jaktanlegg – regelverk – sak til RS

Gjeld tilleggsbestemmelserne som aldri var ute på høyring til avdelingar/dommarar.

Desse tilleggsbestemmelserne er uklare og virkar urimelege/mot sin hensikt:

Fra regelverket: «Bevegelig prøve kan arrangeres som flere delprøver på forskjellig datoer. Alle delprøver skal dømmes av samme dommer. Det godtas bare én start per klasse for samme hund ved hver delprøve. For gjennomføring av hver delprøve kreves minimum tre ekvipasjer fra minst to forskjellige oppdrettere.»

Me ynskjer å få fylgjande avklart på RS:

1: Kva er definisjonen på ein delprøve?

2: Kvifor må det vera ein og same dommar på ein delprøve? Er det ikkje betre å skrive at hunden skal dømmast av ein og same dommar?

3: Krav om minst tre hundar frå to forskjellige oppdrettarar. Dei kan i praksis vera eigde av ein og same person. Og hjå oss bryr hundane seg lite om kven som eig dei eller kven som har oppdretta dei.... Det kan også vera vanskeleg i distriktet å få tre hundar til same tid på ein bevegeleg prøve.

Forslag til ny tekst: *På bevegeleg prøve skal det under heile prøven vera til stades minst tre personar, og minst ein av desse personane skal ikkje ha nær relasjon til eigar/førar av den startande hunden. I praksis vil dette sei dommar, hundeførar og ein tredje ugild person. Den ugilde personen» skal signere på at han/ho har vore til stades på heiel prøven på dømmeskjemaet.*

2: J på stamtavla7mellomtittel for spaniels med bestått jaktanleggsprøve — sak til RS

RS har tidlegare vedtatt dette og me har tidlegare hatt dette til sak som har vore sendt over til RS, UTAN at noko har skjedd! No er dette meir aktuelt enn nokon gong når det vert innført mellomtitlar i både lydighet, rallylydighet og agility. For å få heva statusen for både jaktanleggsprøve og jaktpøeve, bør det vera ein mellomtitel J for bestått jaktanleggsprøve/premiering på jaktpøeve uansett klasse.

3: Oversikt over alle med bestått jaktanleggsprøve/premiert på jaktpøeve – sak til RS

Me ynskjer ein oversikt over alle hundar som har bestått jaktanleggsprøve og alle hundar som er premiert på jaktpøeve på klubben si heimeside. I denne oversikten bør det gå fram kva poengsum hundane har fått for bestått jaktanleggsprøve totalt og kva poengsum dei har fått for dei ulike delmomenta. Dette for at det skal vera lettare å finne informasjon ved val av hannhund. Ved jaktpremiering må det gå fram kva klasse hunden har starta i. Ved innføring av resultat i dogweb må ALLE startar gå fram uansett resultat – ikkje berre det beste resultatet slik som i dag.

I regelverket står det: «Ved Jaktanleggsprøve skal arrangør spesielt sikre at det registreres i Dog WebArra. Dersom noen av hundene ved vannarbeidet ble kvalifisert for start på Jaktpøeve i Begynnerklasse, BK.» Me er usikre på korleis dette skal gjerast i praksis.

4: Kvelpeformidlinga på klubben si heimeside – sak til RS

Informasjon som vert lagt inn bør oppdaterast.

- ta inn HD-index for engelsk springer spaniel

- ta inn innavlsprosenten for kullet

- ta ut sporpremiering – det er mange bruksaktivitetar spaniels kan vera med på og spor er berre ein av dei. Dette kan skrivast under tilleggsopplysninga på lik linje med lydighet, agility osv.

5: Våre Spaniels – forslag til endringar – sak til RS

A: Årets mestvinnande på utstilling. Ikkje bruk spalteplass på dette før vinnarane vert presentert i nr. 1 kvart år saman med bruksprøvevinnarane. Når listene kjem i bladet er dei alt forelda. I staden bør ajourførte lister leggjast fortløpande ut på klubben si heimeside.

B: Championat-presentasjon. Me synes at dei nye championane bør få større bilder. I dag virkar det som därleg utnytting av plassen. Folk ynskjer å sjå størst mogleg bilde av hundane. Kan vera frå 4-6 nye champions pr side. Heller ta ned størrelsen på teksten.

6: Aktivitetsplan/budsjett for 201

Budsjett for NSK S og Fj 2015

Aktivitetplan 2015:	Deltakarar	INN	UT	Ttalt	Resultat 2014 med kommentar
Prøvar:					
Sporprøve Årdal 1	6	2100	2100	0	0 Ingen prøvar
Sporprøve Årdal 2	12	4200	4200	0	0 Ingen prøvar
Sporprøve Nordfjordeid	12	4200	4200	0	0 Ingen prøvar
Spor-bevegeleg	10	3500	2000	1500	-1096 Dommaråver for mange års dørrming + to premiar til 2015
Jaktanlegg + apport	4	1400	2000	-600	0 Ingen prøvar
Jaktanlegg + apport/bevegeleg	5	1750	1000	750	558
2 x rallykonturansar	30+30	10500	8000	2500	-3300 Innkjøp skilthaladar
				4150	
Kurs:					
Rallykurs Kaupanger	6	9000	3400	5600	
Jaktkurs Flo/ø	6	4800	4800	0	
				5600	1307 Dommarkurs + LP kurs
Treninger:					
Treningssamlingar			2000	-2000	-350 Florø, øvrige i 0
				-2000	
Drift/diverse:					
RS to personar dobb rom			5000	-5000	6543 Er ikkje sikt om refusjon NSK for reise...
Diverse			1000	-1000	-5405 Av dette var 5140 frå 2012!
Årsmøte			1000	-1000	-505
Porto		500	1000	-500	-559
				-7500	
RESULTAT		41950	41700	250	-17566